

ÅRSRAPPORT OG ÅRSREKNESKAP 2019



BARNEOMBODET

Barneombodet har som oppgave å fremje interesse til barna overfor det offentlege og det private, og skal følgje med i utviklinga av oppvekstkåra til barn.

INNHALDSLISTE

1. MELDING FRÅ LEIAREN	4
2. INTRODUKSJON AV VERKSEMDA OG HOVUDTAL	
<i>Rolla til Barneombodet</i>	6
<i>Nøkkeltal 2019</i>	6
3. AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2019	
<i>Resultater 2019</i>	8
<i>Resultatmål (tidlegare mål rapportert inn i 2018)</i>	8
<i>Rapportering på nye satsingsområde</i>	10
<i>Implementering av barnekonvensjonen</i>	10
<i>Kommunikasjonsarbeid</i>	11
<i>Mållovsarbeid</i>	11
4. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	
<i>Fellesføringar frå regjeringa</i>	13
<i>Samfunnstryggleik og beredskap</i>	13
<i>Informasjonstryggleik</i>	13
<i>Andre rapporteringskrav</i>	14
5. FRAMTIDSUTSIKTER	15
6. ÅRSREKNESKAP	16
7. PRINSIPPNOTE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2019	23

1. MELDING FRÅ LEIAREN

I november 2019 markerte vi at det var 30 år sidan generalforsamlinga i FN vedtok FNs barnekonvensjon. I 2003 blei konvensjonen ein del av norsk lov. Vi har komme langt på mange område, og for dei fleste barna er Noreg ein god stad å vekse opp. Det er også generelt ei høg bevisstheit om rettane til barn.

Vi ser likevel at rettane til barn blir utfordra, og at det er viktige problemstillingar å ta tak i for Barneombodet. I året som har gått, har vi arbeidd aktivt for å få gjennomslag for mange endringar i lover, reglar og system som er til det beste for barn.

Det har vore retta stor merksemd mot det norske barnevernet i 2019, både i den offentlege debatten og hos Barneombodet. Vi har tatt til orde for å gi barnevernet meir ressursar og auke kompetansen blant dei tilsette i barnevernet. I samband med høyringa til ny barnevernlov har vi vore opptatt av at den nye lova i større grad må sikre ei forsvarleg saksbehandling i barnevernet. Vi har blant anna føreslått å lovfeste ein rett for barn til å få kartlagt si eiga helse ved omsorgsovertakingar. Barneombodet har også laga ein rapport om barn som bur i barnevernsinstitusjonar. Dette er barn som er i ein svært sårbar situasjon, og funna våre viser at desse barna har stor risiko for å oppleve at rettane deira blir brotne. Vi la fram anbefalingane våre til myndigheitene i januar i år, og vi vil arbeide for å få gjennomslag for desse framover.

Det årlege arrangementet til Barneombodet, Lucy Smiths barnerettsdag, hadde i år barnevern og artikkel 20 i barnekonvensjonen som tema. Artikkelen handlar om barn som er fråtatt familiemiljøet sitt. Vi er glade for å kunne samle det barnerettslege miljøet, i samarbeid med Universitetet i Oslo.

Unge i konflikt med lova og utfordringar med dagens ordning med ungdomsstraff har vore eit tema vi har ønskt å setje på dagsorden. Barneombodet arrangerte derfor eit fagseminar om dette i 2019. Det har vore viktig å markere at ungdommar som er i konflikt med lova, skal få god hjelp, og at fengsel skal vere siste utveg. Barneombodet følgjer tett arbeidet som Justisdepartementet gjer på dette området.

Eitt av satsingsområda våre er trygg digital kvardag for barn og unge. Barneombodets ekspertgruppe med ungdommar leverte ein rapport om kva dei meiner er viktig i dette arbeidet. I 2019 hadde vi ei rekkje møte med aktørar på fagområdet, for å mobilisere til innsats og auke forståinga for behovet for samordning. I februar i år arrangerte Barneombodet eit høgnivåmøte der alle organisasjonane forplikta seg til å samarbeide. Trygg digital kvardag har også ei side til psykisk helse blant barn og unge, noko vi også vil arbeide med i året som kjem.

Hos Barneombodet legg vi stor vekt på erfaringane til barn og unge. Innspela frå dei spelar ei viktig rolle i kva vi skal meine i dei enkelte sakene. I år har vi snakka med mange barn i dei ulike prosjekta våre. Barneombodet har 125 gonger nytta seg av retten til innsyn i enkeltsaker som gjeld barn, både i arbeidet med unge i konflikt med lova og i arbeidet med rapporten om barn i barnevernsinstitusjonar. Dette er eit viktig verkemiddel for oss.

Det følgjer av artikkel 4 i barnekonvensjonen at staten må ha ulike strategiar for å implementere konvensjonen i praksis. Eitt av verkemidla for å oppnå dette er at myndigheitene gjennomfører barnerettsvurderingar når det blir sett i gang lovarbeid, planarbeid eller liknande. Vi opplever i dag at myndigheitene i liten grad tar rettane til barn med i avgjerdsgrunnlaget når dei utformar politikk som gjeld barn. Barneombodet har derfor sett i gang eit arbeid med barnerettsvurderingar. I 2019 tok vi initiativ til at dei

europaiske barneomboda skal utvikle eit felles rammeverk for dette. Vi ser fram til at vi skal begynne arbeidet med å få barnerettsvurderingar implementert i Noreg.

I 2019 har vi også sett i gang eit arbeid med nye nettsider og ny visuell profil. Nettsidene skal vere ein viktig stad for å finne informasjon om rettane til barn og barnekonvensjonen, for både barn og vaksne. Vi ønskjer at det skal vere lett å finne informasjon om kva Barneombodet meiner.

Det er mange som kontaktar Barneombodet og ber om hjelp om rettane til barn og om klagemoglegheiter. I fjor svarte vi på over 1 700 slike førespurnader. Sjølv om vi ikkje behandlar enkeltsaker, legg vi stor vekt på å hjelpe og rettleie alle vidare i systemet.

Effektiv organisering og drift er eit viktig mål for verksemda. Barneombodet har i 2019 eit resultat som er godt innanfor den tildelte løyvinga frå Stortinget. Vi har søkt om å få overført dei ubrukne midlane til 2020. Av kompetanseheving for dei tilsette har vi lagt vekt på å auke kompetansen om prosjektleiing. Effektiv og god styring av prosjekta våre er vesentleg for å løyse oppdraga best mogleg.

Gjennom året har eg halde ei rekkje foredrag om satsingsområda våre og hatt møte med mange organisasjonar og politikarar. Det er viktig å ha ein god dialog med både dei vi skal samarbeide med, og dei vi ønskjer skal gjennomføre endringar.

2018 var eit år med store endringar, nytt barneombod og ny strategi. I 2019 har vi arbeidd med å få implementert den nye strategien. Eg opplever at vi har ein vel fungerande organisasjon med eit svært høgt aktivitetsnivå. Rapportane våre har blitt tatt godt imot, og vi oppfyller krav og forventningar frå ulike aktørar. Eg er glad for at relevante myndigheiter tar anbefalingane våre på alvor.

Eg ser fram til eit nytt år med spennande utfordringar og problemstillingar å ta tak i. Barneombodet har allereie fleire spennande prosjekt på gang.

Inga Bejer Enger



2. INTRODUKSJON AV VERKSEMDA

og hovudtal

ROLLA TIL BARNEOMBODET

Barneombodet er det nasjonale overvåkingsorganet for rettane til barn. Barneombodet har som oppgåve å fremje interessene til barna overfor det offentlege og det private, og skal følgje med i utviklinga av oppvekstkåra til barn.

Barneombodet skal særleg følgje med på at lovgivinga som skal verne om interessene til barna, blir følgde, og at norsk rett samsvarer med forpliktingane Noreg har etter FNs konvensjon om barnerettar. Barneombodet skal på eige initiativ, eller som høyringsinstans, sikre interessene til barna i samband med planlegging og utgreiing på alle område. Vi skal føreslå tiltak som kan styrkje rettstryggleiken til barna, og følgje med på om endringane er gode for barna.

Barneombodet skal også fremje forslag til tiltak som kan løyse eller førebyggje konflikter mellom barn og samfunn. Barneombodet skal vidare følgje med på at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon til det offentlege og det private om rettane til barna og tiltaka dei har behov for.

Barneombodslova og forskrifta om instruks for barneombodet ligg til grunn for arbeidet vårt. Barneombodet er administrativt underlagt Barne- og familiedepartementet og er fagleg uavhengig.

Barneombodet er leidd av barneombod Inga Bejer Engh, som har ansvaret for den faglege og administrative leiinga av verksemda. I 2019 var det 20 tilsette i Barneombodet. Stillingane fordeler seg på tre einingar: fag, kommunikasjon og administrasjon.

Barneombodet har valt fire satsingsområde som vi skal prioritere i perioden 2019–2021, og kvart område har fleire hovudmål. Dette er dei fire satsingsområda vi skal jobbe med:

Hovudsatsingar 2019-2021

- Arbeide for å førebyggje utanforskap blant barn og unge
- Arbeide for best mogleg psykisk helsehjelp til barn og unge
- Arbeide for å betre situasjonen for barn og unge i barnevernet
- Arbeide for ein tryggare digital kvardag for barn og unge

Barneombodet har eit breitt mandat. I tillegg til dei fire satsingsområda for perioden følgjer Barneombodet også andre viktige prosessar tett. Det gjeld spesielt arbeidet med vald mot barn, eit trygt skolemiljø og implementering av barnekonvensjonen.

NØKKELTAL 2019

I 2019 fekk Barneombodet 2 268 førespurnader og gav 1 717 svar til privatpersonar, der ombodet rettleidde om rettane til barna og klagemoglegheiter. Det kom 1 178 telefonførespurnader til Barneombodet i 2019.

TALET PÅ DOKUMENT

2014	2015	2016	2017	2018	2019
4 553	5 108	5 685	5 978	5 597	3 985

I samband med prosjekta i 2019 bad Barneombodet om innsyn i 77 saker om barn i barnevernsinstitusjon og 48 straffesaker der barn er tiltalte.

Barneombodet leverte 20 svar på offentlege høyringar. Blant dei mest omfattande var høyringane om ny barnevernlov, ny forvaltningslov, NOU om fosterheim og nye læreplanar i skolen. Barneombodet sende ni brev til offentlege myndigheiter der vi adresserte rettstryggleiken til barn på ulike område. Det



blei også sendt fleire innspel til utval og ulike komitear på Stortinget. Alle høyringssvara, breva og innspela til myndigheitene er tilgjengelege på nettsidene til Barneombodet. Barneombodet heldt 66 føredrag i 2019.

I 2019 fullførte Barneombodet eit prosjekt om barn i barnevernsinstitusjonar. Det blei sett i gang eit prosjekt om psykisk helse hos barn og eit prosjekt om tryggare digital kvardag for barn og unge. Barneombodet sette i 2019 også i gang eit prosjekt med nye nettsider og ny visuell profil som blir ferdig i 2020.

Spør Barneombodet er spørjetenesta til ombodet for barn om rettane deira. I 2019 fekk ombodet 962 spørsmål, og flest spørsmål handla om skole, familie og rettar.

Barneombodet fekk ei samla løyving på kap. 848, post 01 driftsutgifter, på 23 324 000 kroner i 2019. Av denne løyvinga var 1 071 000 kroner overføringar frå 2018. I tillegg har vi motteke ei meirinntektsfullmakt på kap. 3848, på kroner 95 000.

Av årets løyving, på 22 253 000, blei 100 prosent av midlane brukte i budsjettåret. I tillegg har vi brukt 26 408 kroner av dei overførte midlane frå 2018. Vi har søkt om å få overføre 1 112 650 kroner til 2020.

Barneombodet betalte i 2019 ut 480 000 kroner til investering i ny nettside og ny visuell profil, og 162 000 kroner til investering i digitalt skjema og integrering av føretaksregisteret.

Lønnskostnadene var på 16 244 651 kroner i 2019. Lønnskostnadene utgjorde 72,9 prosent av driftsrekneskapen. Gjennomsnittleg lønnskostnad per årsverk var 792 422 kroner inkludert arbeidsgivaravgift og pensjonskostnader.

3. AKTIVITETAR OG RESULTAT 2019

Resultatmålet for 2019 blei meldt inn til Barne- og familiedepartementet før det nye barneombodet byrja i august 2018. Måla blei justerte noko, og det blei også utarbeidd ein treårig strategi for ombodet som har vore styrande for arbeidet i 2019. Det er derfor utført mykje fagleg arbeid utover dei innmelde måla for 2019. Vi rapporterer om både dei opphavlege måla og måla i den nye strategien.

Arbeidsmetodane til Barneombodet kan delast i fire: overvaking, opplæring, påverknad og rettleiing. I arbeidet med overvaking hentar vi inn informasjon frå ulike område om tilstanden for rettane til barna. I slike prosessar bruker vi blant anna innsynsretten og medverknad frå barn. Dette dannar grunnlaget for Barneombodets fagrapportar, der vi kjem med anbefalingar til offentlege myndigheiter. Barneombodet bruker aktivt politisk påverknad for å få gjennomslag for anbefalingane i ulike politiske prosessar. Samtidig driv vi opplæring i barnekonvensjonen for ulike offentlege instansar for å spreie kunnskap om aktiv bruk av konvensjonen. Rettleiingsarbeidet til Barneombodet er retta mot enkeltpersonar som tar kontakt, både vaksne og barn.

RESULTAT 2019

RESULTATMÅL (TIDLEGARE MÅL RAPPORTERT INN I 2018)

1. Barn med funksjonsnedsetjingar får eit verdig liv og eit tilrettelagt tilbod uansett kvar dei bur

«Barneombodet held fram arbeidet med å få gjennomslag for anbefalingane frå rapporten «Uten mål og mening?» om barn med spesialundervisning i grunnskolen.»

I 2019 anbefalte eit ekspertutval leidd av Thomas Nordahl å fjerne retten til spesialundervisning. På bakgrunn av rapporten «Uten mål og mening?» var Barneombodet ueinig i denne konklusjonen, og arbeidde politisk for å halde på retten. Kunnskapsdepartementet fall i juni 2019 ned på å halde på retten til spesialundervisning og setje i gang modellforsøk i utvalde kommunar for å få eit betre tilpassa spesialpedagogisk tilbod, i tråd med anbefalinga i rapporten frå ombodet. I tillegg er det

tatt omsyn til anbefalingane frå Barneombodet i stortingsmeldinga om tidleg innsats som Kunnskapsdepartementet la fram hausten 2019.

2. Barn kjenner til barnekonvensjonen og Barneombodet

«Barneombodet finn nye metodar for å nå barn og unge.»

Barneombodet har tidlegare hatt eit prosjekt der ombodet reiste rundt på enkelte skolar og møtte barn for å informere om barnekonvensjonen. Vi har det siste året i staden lagt vekt på å finne samarbeidspartnarar for å bidra til at fleire barn og unge kjenner til rettane sine. Eit eksempel er at ombodet medverkar i eit undervisningsopplegg frå Cappelen Damm som skal brukast i skolen for opplæring om barnekonvensjonen. Barneombodet har også blant anna ei eiga spalte i Aftenposten junior.

Barneombodet har sett i gang eit prosjekt med nye nettsider som inneber å oppgradere sidene om rettane til barn som er retta mot målgruppa barn og unge. Vi svarte også på mange spørsmål frå barn og unge på nettsidene våre, på spørjetenesta Spør Barneombodet. I arbeidet Barneombodet gjer med ein tryggare digital kvardag for barn, har det komme fram at det finst svært mange digitale spørjetenester for barn. Barneombodet ser betydninga av at dette arbeidet blir samordna, og har derfor avgjort å leggje ned Spør Barneombodet i samband med at vi utviklar nye nettsider. Vi er svært positive til å utvikle ung.no og DIGIUNG vidare, og ønskjer heller å bidra inn i det arbeidet enn å tilby tilsvarende tenester.

3. Barn har reell innverknad på utforminga av politikk og planar på alle nivå i samfunnet

«Barneombodet vil i 2019 arbeide med betre medverknad frå barn og unge i samfunnet og i eiga sak.»

Barneombodet har i mange år arbeidd for å lovfeste ungdomsråd. I 2019 vedtok Stortinget at ungdomsråd skal lovfestast i den nye kommunelova som trer i kraft hausten 2019.

Barneombodet har også gitt innspel til ei ny rettleiing til forskrifta som Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeider med.

Barneombodet arbeider kontinuerleg med medverknad frå barn og unge i egne prosjekt. Vi hentar inn synspunkt og anbefalingar frå barn og unge og bruker dette i arbeidet med rapportar eller i anbefalingar til myndighetene.

I 2019 møtte ombodet 39 barn i samband med prosjektet om barn i barnevernsinstitusjonar og etablerte ei eiga ekspertgruppe med ni ungdommar i arbeidet med fagområdet trygg digital kvardag. I tillegg har Barneombodet snakka med sju ungdommar som har gjennomført ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging.

4. Alle barn i Noreg får oppfylt retten til utdanning i ein trygg og inkluderande skole

«Barneombodet vil halde fram arbeidet med det psykososiale skolemiljøet, gjennom både rettleiing og hjelp til foreldre og barn, foredrag og opplæring og arbeid opp mot fylkesmennene.»

Barneombodet har i 2019 rettleidd mange foreldre og barn som har kontakta oss, og halde fleire foredrag om psykososialt skolemiljø og spesialundervisning. Vi har også arbeidd med store høyrings- og innspelsprosessar til både stortingsmeldinga om tidleg innsats og arbeidet til opplæringslovutvalet. Det same gjeld arbeidet med ny barnehagelov og rammeplan for barnehagen.

5. Levekåra til barn

«Barneombodet vil intensivere arbeidet for å sikre gode levekår og hindre utanforskap for barn og unge.»

Barneombodet arrangerte i mars 2019 ein konferanse om barn i konflikt med lova. Bakgrunnen for dette var eit ønske om å bidra i samfunnsdebatten og bidra til meir kunnskap om fagområdet, både for politikarar og for dei som arbeider med fagområdet.

Barneombodet har besøkt dei to ungdomseiningane på Eidsvoll og Bjørgvin, og har gitt innspel til Justisdepartementets evaluering av ungdomsstraff.

I tråd med auken i Oslo av unge gjengangarar som er i konflikt med lova, har Barneombodet sett på kva tiltak Oslo kommune har til utsette barn og unge. Ombodet har hatt dialogmøte og brevkorrespondanse med kommunen for å få kunnskap om i kva grad Oslo kommune har tilstrekkelege tiltak overfor desse barna. Bak-

grunnen for dialogen med Oslo kommune er at manglande oppfølging av unge lovbrutarar i Oslo fort legg føringar for utviklinga av den nasjonale politikken på dette området.

I løpet av 2019 har vi fått innsyn i om lag 50 straffesaker mot barn. Vi har ønskt å sjå nærmare på forholda som leidde fram til dei straffbare forholda, og kva tenester som har vore inne for å hjelpe barnet. Vi skal oppsummere dette arbeidet i 2020.

Utanforskap er eit av satsingsområda til Barneombodet dei neste åra, jf. neste kapittel.

6. Rapportering frå Barneombodet til relevante internasjonale organ som er viktige for barn i Noreg

«Barneombodet følgjer opp supplerande rapport til FNs komité for barnerettar.»

Barneombodet leverte supplerande rapport til FNs barnekomité i 2017 og bruker anbefalingane i rapporten og merknadene frå FN i det løpande arbeidet. Ombodet har også deltatt på oppfølgingsmøte om anbefalingane frå FN i Barne- og familiedepartementet.

7. Gode arbeidsverktøy

«Barneombodet vil i 2019 avslutte fase 2 av prosjektet for eit betre arkivsystem.»

1. januar 2020 gjekk Barneombodet over til ein ny funksjonsbasert arkivnøkkel. Prosjektet med betre arkivsystem er derfor avslutta. Samtidig vil Barneombodet i løpet av våren 2020 få på plass ei ordning som sikrar sikker digital post for dei som kontaktar ombodet.

8. Ny nettside

«Barneombodet set i 2019 i gang arbeidet med ny nettside.»

Barneombodet gjorde i 2019 ein avtale med firmaet Bielke&Yang om å utvikle nye nettsider og ny visuell profil for Barneombodet. Dei nye nettsidene og den visuelle profilen skal lanserast i løpet av 2020.

RAPPORTERING PÅ NYE SATSINGSOMRÅDE

Barneombodet har i strategien for 2019–2021 fire satsingsområde. Her omtaler vi kort resultatene innanfor dei fire områda.

Arbeide for å førebyggje utanforskap blant barn og unge

Barneombodet har i tillegg til det som er nemnt over i punkt 5, også arbeidd med målet om betre tverrfagleg samarbeid for barn og unge. Dette arbeidet har i hovudsak vore informasjonsinnhenting, utforming av budskap og politisk påverknadsarbeid for å få greidd ut behovet for ei eiga samarbeidslov for barn. Arbeidet held fram i 2020.

Arbeide for best mogleg psykisk helsehjelp til barn og unge

I 2019 har Barneombodet sett i gang eit prosjekt om retten barn har til best mogleg psykisk helsehjelp, der ombodet spesielt ser på behandlingstilbodet barn og unge får i spesialisthelsetenesta. Barneombodet har hatt samtalar med både behandlarar, barn og foreldre. Rapporten frå prosjektet kjem i 2020. I 2019 lanserte også regjeringa ein opptrappingsplan for den psykiske helsa til barn og unge. Barneombodet etterlyste ein meir heilskapleg og målbar plan, og gav innspel i Stortingets behandling av planen.

Arbeide for å betre situasjonen for barn og unge i barnevernet

I 2019 har Barneombodet tatt til orde for å auke ressursane og kompetansen i barnevernet. Det er gjort blant anna gjennom innspel til statsbudsjettet og til Bufdirs arbeid med å utvikle forslag til masterutdanning i barnevern.

Barn i barnevernsinstitusjonar har vore eit større prosjekt hos Barneombodet i 2019. Ombodet undersøkte om barn i barnevernsinstitusjonar får den omsorga og behandlinga som dei har krav på etter barnevernlova. Rapporten «De tror vi er shitkids» blei lansert i januar 2020 og inneheldt mange anbefalingar til myndigheitene. Barneombodet følgjer opp anbefalingane vidare.

Det er i gang store politiske prosessar på barnevernsområdet. Ombodet har gitt innspel til barnevernlova og andre løpande prosessar i Barne- og familiedepartementet og Bufdir. I 2019 har ombodet arbeidd mykje med å få Barne- og familiedepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet til å lovfeste ein rett

for barn til å få kartlagt si eiga helse ved omsorgsovertakingar. Begge departementa har varsla at dei vil arbeide vidare med dette forslaget. Barneombodet følgjer også tett med på dommane innanfor barnevern i Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD).

Barne- og familiedepartementet ber årleg Barneombodet om å rapportere om talet på bekymringsmeldingar vi sender til barnevernet. Barneombodet sende ingen bekymringsmeldingar til barnevernet i 2019.

Arbeide for ein tryggare digital kvardag for barn og unge

I 2019 sette Barneombodet ned ei ekspertgruppe med ungdommar for å få råd om kva som er viktig i arbeidet med ein trygg digital kvardag for barn og unge. Ekspertgruppa arbeidde saman med Barneombodet i heile 2019, og gav ut ein eigen rapport med anbefalingar for ein tryggare digital kvardag. Vi tok også med oss råda frå ekspertgruppa inn i internasjonale prosessar om den digitale kvardagen til barn, blant anna i utarbeidinga av ein ny generell kommentar frå FN's barnekomité og arbeidet i det europeiske nettverket for barneombod (ENOC).

Barneombodet har sett eit stort behov for å samordne arbeidet for ein tryggare digital kvardag for barn og unge. Derfor tok Barneombodet i 2019 initiativ til ei slik samordning ved å invitere til eit høgnivåmøte. Alle inviterte forplikta seg til å signere ei felleseklæring og to eigne tiltak for å bidra til ein tryggare digital kvardag for barn og unge. Høgnivåmøtet blei halde i februar 2020, og 35 aktørar forplikta seg til dette arbeidet. Vi planlegg eit nytt møte i 2021 for å følgje opp arbeidet.

IMPLEMENTERING AV BARNEKONVENSJONEN

Eit av verkemidla for å få implementert FN's barnekonvensjon er at myndigheitene gjennomfører barnerettsvurderingar ved utforminga av politikk, lover, planar og andre store politiske prosessar som handlar om barn. Vi opplever at myndigheitene i liten grad gjer dette, og har i 2019 begynt på eit arbeid for at dette skal gjennomførast. Barneombodet ønskjer at dette skal gjennomførast i saker som blir behandla av både statlege, regionale og kommunale myndigheiter.

Ei barnerettsvurdering inneber at dei politiske prosessane må innehalde ei vurdering av forpliktingane i barnekonvensjonen og korleis

forslaga har betydning for barn og unge. Ein viktig del av barnerettsvurderingar er retten barn har til å medverke etter artikkel 12 i barnekonvensjonen. At barn får medverke i slike prosessar, er avgjerande for å få fram synspunkt frå dei det gjeld, og bringe dette inn i forslag og vedtak.

Barneombodet har fått gjennomslag for å ha barnerettsvurderingar som hovudtema på det årlege møtet i ENOC (European Network of Ombudspersons for Children) i 2020, med mål om å lage eit felles rammeverk for korleis slike vurderingar kan gjerast.

KOMMUNIKASJONSARBEID

Barneombodet har i 2019 utarbeidd ein ny kommunikasjonsstrategi for verksemda. Strategien er forankra i den statlege kommunikasjonspolitikken. Å vere ein synleg aktør i samfunnsdebatten er viktig for å få resultat, og vi arbeider aktivt med dette.

MEDIEOMTALE

Medieinteressa er forholdsvis stabil for det som gjeld temaet barnekonvensjonen og rettane til barna. Det viser tal frå Retriever. Barneombodet var nemnt i nærmare 1 000 saker i den norske pressa i 2019. Fagområda der Barneombodet er mest omtalt, er barnevern, sosiale medium / trygg digital kvardag, psykisk helse og unge lovbrutarar. Det er i tråd med satsingsområda til Barneombodet. Barneombodet hadde over 20 kronikkar og debattinnlegg på trykk om ulike tema i aviser.

TALET PÅ MEDIESAKER			
2016	2017	2018	2019
1 923	1 301	1 145	976

NYHEITSBREV

Barneombodet sende i 2019 ut 15 nyheitsbrev. Talet på mottakarar av nyheitsbrevet er i underkant av 3 000 personar. Talet på mottakarar av nyheitsbrevet aukar jamt. I samband med lanseringa av ny nettside og visuell profil får også nyheitsbrevet ein ny profil, og vi skal då vurdere tiltak for å auke talet på abonnentar.

SOSIALE MEDIUM

Barneombodet har ved inngangen til 2020 over 29 000 følgjarar på Facebook. Vi har 16 000 følgjarar på Twitter og nærmare 4 000 følgjarar på Instagram. Talet på følgjarar aukar jamleg, og ombodet hadde i fjor stor vekst i engasjementet på Facebook.

NETTSIDER

Nettsidene til Barneombodet er populære, og på grunn av godt innhald fungerer vi godt opp mot søkjemotorane. Nesten 80 prosent av trafikken kjem frå søkjemotorar, og over halvparten kjem frå mobile einingar. Vi ønskjer å vere eit naturleg førsteval når målgruppene skal finne informasjon om rettane til barn, og vi ser at løysinga i dag blant anna er for dårleg mobiltilpassa. Det er også nokre manglar når det gjeld universell utforming.

Barneombodet er derfor i gang med eit større prosjekt for å lage ein ny nettstad med oppdatert innhald retta mot dei ulike målgruppene. Det skal også lagast eit kontaktskjema. Prosjektet held fram i 2020. Målet er blant anna at det skal vere lett å finne ut kva Barneombodet meiner, og at vi skal vere gjenkjennelege i ulike kanalar og flatar, når det gjeld både budskap og visuell profil.

Nettsidene hadde i 2019 nærmare 1,1 millionar sidevisingar. Av dette var over 830 000 unike sidevisingar. Det er rekord og ein oppgang på rundt 100 000 sidevisingar frå året før. Sidene med informasjon om barnekonvensjonen og rettane til barn og Spør Barneombodet er dei mest populære.

ARRANGEMENT

Barneombodet hadde i 2019 tre større eksterne arrangement. I mars arrangerte vi eit halvdagsseminar med tema ungdomsstraff og unge i konflikt med lova. I mai arrangerte vi eit frukostseminar der vi lanserte rapporten frå ekspertgruppa om trygg digital kvardag. I november arrangerte vi dagskonferansen Lucy Smiths barnerettsdag, i samarbeid med Universitetet i Oslo. Alle arrangementa blei raskt fullteikna, og vi fekk vi gode tilbakemeldingar i evalueringane.

MÅLLOVSARBEID

I 2019 har Barneombodet nådd kravet for tekstar som kjem inn under mållova, i alle dei innrapporterte kategoriane.

KATEGORI	PROSENT NYNORSK
Tekst på barneombudet.no	38,3
Tekstar på 1-10 sider	41,4
Tekstar på over 10 sider	27,3
Periodiske publikasjonar	25
Sosiale medium	28,5



4. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Barneombodet er den øvste leiaren for verksemda og har ansvaret for at verksemda blir drive forsvarleg og effektivt. Arbeidet til Barneombodet er regulert i lov om barneombod og forskrifta om instruks for Barneombodet. I tillegg til dette gjeld Barne- og familiedepartementets tildelingsbrev og instruksen for økonomi- og verksemdsstyring. Det er fastsett ei rekkje rutinar for verksemda og arbeidet som blir utført.

Barneombodet nyttar mål- og resultatstyring som eit grunnleggjande prinsipp for styring. Vi bruker blant anna metodane til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) for styring og kontroll.

I tildelingsbrevet frå Barne- og familiedepartementet er det sett opp ulike administrative forhold og saker som vi skal rapportere om i 2019. Desse rapporteringskrava er tatt til følge og følgjer nedanfor.

FELLESFØRINGAR FRÅ REGJERINGA

Fellesføringane frå regjeringa i tildelingsbrevet er knytte til krav om å arbeide systematisk for å fremje inkluderingsdugnaden til regjeringa. Barneombodet har berre 20 tilsette, og det har vore vanskeleg å nå 5-prosentmålet så langt. Ved nyrekruttering oppfordrar vi alle kvalifiserte søkjarar til å søkje stillingane, uavhengig av funksjonsevne. I den seinaste utlysinga oppfordrar vi også dei med hol i CV-en om å søkje stillinga.

Når det gjeld fellesføringa om tiltak for å motverke arbeidslivskriminalitet, har vi vurdert risikoen som låg. I 2019 henta vi inn anbod for to nye anskaffingar. Den eine dreidde seg om reingjeringstenester og den andre om konsulenthjelp til ny nettside for verksemda. I anbodsinvasjonane tek vi hand om krava til å motverke arbeidslivskriminalitet. Barneombodet har rutinar for å kontrollere at le-

verandørane etterlever regelverket og hentar inn nødvendige attestar når det gjeld skatt, firmaattest, årsrapportar- og rekneskap. Når det gjeld mindre innkjøp, bruker ombodet statens rammeavtalar. .

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Barneombodet oppdaterer ROS-analysane sine årleg og går gjennom desse fire gonger i året. Vurderingane av risiko i 2019 viste ikkje eit kritisk bilde. Barneombodet justerte krise- og beredskapsplanane i 2018. Øvinga som var planlagt i 2019, blei flytta til mars 2020 på grunn av ressursomsyn. Risikovurderingane for 2019 ligg ved.

INFORMASJONSTRYGGLEIK

I tildelingsbrevet for 2018 blei Barneombodet bede om å sjå til at verksemda etablerte eit styringssystem for informasjonstryggleik etter kjende standardar, eforvaltningsforskrifta § 15 og personopplysningslova. Barneombodet sette i gang arbeidet saman med PwC i 2018. Arbeidet blei ferdigstilt og styringssystemet implementert i 2019. Dette systemet inneheld sentrale rutinar, årshjul og planar for gjennomgang av informasjonstryggleik. Innanfor dette har vi også eit system for avviksrapportering.

Dei tilsette fekk opplæring i systemet i 2019, og alle nyttilsette får opplæring. Informasjon er publisert i Compendia, der alle sentrale dokument er lett tilgjengelege for tilsette. I begynninga av året i 2019 gjennomførte Barneombodet ei øving der kontoane våre var blitt hacka.

I 2019 starta arbeidet med å etablere eit system for sikker digital post til innbyggjarar. Systemet skal implementerast i løpet av våren 2020.

ANDRE RAPPORTERINGSKRAV

INKLUDERANDE ARBEIDSLIV OG ARBEIDSMILJØ

Barneombodet er ei IA-verksemd (inkluderande arbeidsliv). I IA-arbeidet legg vi vekt på å følgje opp sjukefråværet og tilsette som er sjukmelde. Barneombodet har valt å halde fram med at tilsette kan nytte seg av den utvida retten til eigenmelding i inntil 8 dagar.

